



STAFETTLOGG I VOLDA KOMMUNE

FILM: [BTI - Betre Tverrfagleg Innsats](#)



BTI - BETRE TVERRFAGLEG INNSATS

BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som kjem i kontakt med barn og unge det er knytt ei bekymring til. I BTI-arbeidet nyttar Volda kommune samhandlingsverktøyet *Stafettlogg*, som er ein elektronisk logg.

Stafettlogg sikrar foreldreinvolvering, brukarmedverknad og tverrfagleg samarbeid i hjelpearbeidet utan brot i oppfølginga. Loggen inneheld informasjon om alle tiltak som er sette i verk og gjer ei oversikt over involverte partar, deira ansvar og kontaktinformasjonen til partane.

Stafettlogg er ikkje ein lovheimla teneste slik individuell plan (IP) er, men eit verktøy for å betre imøtekoma samordningsplikta kvar enkelt eining har etter loven.

Stafettlogg er ei rein samhandlingsløyising. Arkivverdig dokumentasjon skal framleis lagrast i kommunen sitt saksbehandlingssystem.

OPPSTART AV STAFETTLOGG

- Ein stafettlogg vil vanlegvis starte opp i nivå 1 i BTI-handlingsretteleiar når ei kommunal eining og foreldre er blitt samde om å sette i verk tiltak rundt barnet/ungdommen og dei har gitt samtykke til dette.
- Tiltaka som blir lagt inn i stafettloggen vil vere knytt til utviklingsområde der barnet/ungdommen har behov for ekstra støtte og oppfølging i ei periode.

PÅLOGGING TIL STAFETTLOGG

- Pålogging til stafettloggen i *Visma Flyt Samspill* har høgaste sikkerheitsnivå (4), og inneberer autentisering via bankID/ID-porten.
- Brukarar under 15 år som skal ha tilgang til eiga plan/logg, vil kunne logge inn med to-faktor autentisering, brukarnamn, passord og eingangskode som er ny for kvar pålogging.

EININGSLEIAR

- Einingsleiar inviterer tilsette i si eining til å vere stafetthaldar i *Visma flyt samspill*
- Einingsleiar tek ei avgjerd på kven som skal vere stafetthaldar i eiga eining dersom det ikkje fell seg naturleg kven som skal ha denne rolla og når det er naturleg i ein oppfølgingssak at stafettpinnen skal vidare.

- Einingsleiar etterspør bruk av BTI og stafettlogg i elevsaker, og vurderer tilsette sin kompetanse i bruk av stafettloggen. Viss kompetansen er låg må leiar sørge for at det blir gitt opplæring.

STAFETTHALDAR

Stafetthaldaren er den som samordnar tiltaka og tenestene til barnet/ungdommen. Alle som jobbar med barn og unge i Volda kommune kan i utgangspunktet vere stafetthaldar i stafettloggen. Ofte er det den med oversikt i saka og som barnet/ungdommen er trygg på, som har denne rolla.

Stafettloggen sikrar kontinuitet i saka utan brot i oppfølginga då ingen slepp «stafettpinnen» før ein annan har tatt over. **OBS! Alle partar i saka skal vere aktiv i stafettloggen og sørge for at eigne ansvarsområde vert følgt.**

Oppgåvene inneberer følgande:

- Ansvarleg for innhenting av samtykket
- Kallar inn til møter (avtal nytt møte i fellesskap)
- Kallar inn andre tenester etter behov. NB! Hugs nytt samtykke.
- Setter møteagenda og peikar ut referent for møtet (alle må vere forberedt på dette)
- Sørger for at barnet/ungdommen og foreldre blir involvert i planlegginga, gjennomføringa og evalueringa av tiltak
- Legg til rette for at tiltak og ansvar vert loggført og evaluert i fellesskap, gjerne på storskjerm
- Ansvar for å gi stafettpinnen vidare til ny stafetthaldar knytt til samarbeidet rundt barnet.
- Avslutter stafettloggen når det ikkje lenger er behov for samordna innsats rundt barnet/ungdommen, eller barnet/ungdommen har rett på individuell plan (IP)/koordinator etter [helse- og omsorgstjenesteloven §§ 7-1, 7-2, 7-2a](#)

SAMTYKKE

Stafettlogg blir etablert i samarbeid med foreldre/ungdommen. I stafettloggen ligg ein ferdig mal for samtykket som kan redigerast. Samtykket blir gjort digitalt.

- Foreldra/ungdommen samtykker til etablering av stafettlogg og til at dei involverte partar blir invitert inn i loggen
- Ungdom frå 15-18 år skal samtykke i tillegg til foreldre, jf. [barnelova](#) §§ 32 og 31
- Ungdom over 16 år kan sjølv samtykke ved deling av helseopplysningar etter [pasient- og brukerrettighetsloven § 4-3b](#)
- Viss foreldra ikkje bur saman, og barnet har fast bustad hos begge, skal begge foreldra samtykke
- Ved nye deltakarar i samarbeidet, skal nytt samtykke innhentast
- Samtykket kan trekkast tilbake når som helst

Avslutta stafettlogg blir satt som passiv etter samtykke. Stafettlogg vil følge arkivlovgivinga og oppbevarast unntatt offentlegheit. Samtykker kan fremme krav om at opplysningane i stafettloggen skal bli sletta.